

Kan nokon slå Nesjarane i år?

21.03.2011

# PÅSKE QUIZ

I

Helgheim 16.april, kl.20.00

Kr. 50,- per pers.

Max 6 deltagarar på kvart lag

Sal av øl/vin - og kanskje noko  
å bita i ??

Nedre aldersgrense 18 år -  
ingen øvre aldersgrense.

Påmelding til:

[anita.enes@knett.no](mailto:anita.enes@knett.no) / 99320878

Arrangør: Aktivitetshusets Damevenner

**Aktivitetshusets Damevenner ligg i startgropa for ein ny påskequiz i Helgheim og som i fjar blir arrangementet avvikla palmelaurdag..**

**Som annonsen over fortel startar quizen klokka 20 og dysten vil bli ein frisk opptakt til påskefeiringa i bygda.**

Quizen fjar vart ein formidabel suksess med 17 deltagande lag og siger til laget som kalla seg Nesjarane - men dei vann etter ein spennande dyst.

Dei har også seinare vist seg som skarpskodde og spørsmåla er:

Kan nokon slå dei i år?

Stiller dei opp med bortimot det samme mannskapet eller set dei kanskje inn enda fleire quiz-proffar?

Quizen i fjar vart styrt med stor profesjonalitet frå start til mål, skreiv uskedalen.no og det er ingen grunn til å tru at det blir noko därlegare arrangement i år. Vi gjekk også så langt som å slå fast at quizen understreka Uskedalen sin posisjon som staden for profesjonelle arrangement. Det er ikkje berre Rosendal og Husnes som kan det!

Vi konstaterer også at Helgheim er den rette staden for quiz, med sin atmosfære og intimitet.

I påska i fjar var det ikkje berre uskedelingar og feriegjestar med - det var også skarpskodde hjerner frå nabobygdene. Kanskje kjem det fleire av denne kategorien i år? Det har mykje med marknadsføring å gjera.

Men her er poenget i denne omgangen: Meld på lag snarast!

Av Ola Matti Mathisen



Her er Nesjarane etter sigeren i fjar. Kan nokon slå dei i år? (Foto: Ola Matti Mathisen)